



Sirdal kommune

Enhet for skole

Kommunale forskrifter for grunnskulen i Sirdal kommune




Foto: Sinnes skule

Revidert oktober 2020 og august 2021

Vedtatt av kommunestyret 30.03.2017

Oppdatert ifm vedtak om fritt skuleval (KS 20/6) og redusert foreldrebetaling SFO

Postadresse:
Rådhuset
4440 Tonstad

Besøksadresse:
Rådhuset, Tonstad

Telefon: 38 37 90 00
Telefaks: 38 37 90 01
Bank kto.: 31320700038

Internett: www.sirdal.kommune.no
E-post: post@sirdal.kommune.no
Org.nr.: 964964165

Kommunale forskrifter for Grunnskulen i Sirdal.

Revidert oktober 2020/august 2021

Kapittel 1: Grunnskuletilbodet

- 1.1 Undervisningstid
- 1.2 Skulerute
- 1.3 Reduksjon av talet på skuledagar
- 1.4 Inndeling av skuledagen
- 1.5 Innholdet i opplæringa
- 1.6 Målform
- 1.7 Ordensreglar
 - 1.7.1 Gjeldande forskrift
 - 1.7.2 Drøfting av ordensreglar
- 1.8 Nærskuler og fritt skuleval
 - 1.8.1 Nærskule
 - 1.8.2 Val av annen skule i skuleåret
- 1.9 Opplæring utanfor skulen
 - 1.9.1 Leirskule
 - 1.9.2 Turar med overnatting
- 1.10 Elevpermisjon frå undervisning
- 1.11 Lærebøker
- 1.12 Redusert foreldrebetaling i SFO

Kapittel 2: Skulebibliotek og skulegudsteneste

- 2.1 Skulebibliotek
- 2.2 Skulegudsteneste/samarbeid med trussamfunn

Kapittel 3: Elevtryggleik

- 3.1 Miljøretta helsevern i Grunnskulen
 - 3.1.1: Krav om rutinar
 - 3.2.2: Godkjenning og tilsynsmyndigheit
- 3.2 Symjeopplæring
- 3.3 Praksisarbeid for grunnskuleelevar i samband med utdanningsval
- 3.4 Praksisarbeid i samband med einskildvedtak om spesialopplæring utan timevedtak.
- 3.5 Elevtilsyn i friminutta

Kapittel 4: Skuleskyss

- 4.1 Kommunalt skyssreglement for Sirdal kommune

Kapittel 5: Reglar for tilsette.

- 5.1 Arbeidsbeskriving for tilsette i grunnskulen

Kapittel 6: Supplerande lokale avtalar

- 6.1 Lokale arbeidstidsavtaler
- 6.2 Lokale lønstillegg

Kapittel 1: Grunnskuletilbodet

1.1 Undervisningstid

(Opplæringslova § 2-2, Forskrift til opplæringslova §1-1, §1-6 og Rundskriv Udir-01-2016, vedlegg 1)

Skulane i Sirdal har sidan 1997 hatt 9 undervisningstimar på 5-7 (3 timar kvar gruppe) utover det veketimetal som er fastsett sentralt (skulestyresak 2/97).

Det er gjort fleire endringar frå statleg hald som skulen har dekkja innanfor gjeldande rammer. Dette har gitt følgjande konsekvens for dei ekstra timane.

Hausten 2009 innførde staten 2,66 timar fysisk aktivitet på 5-7 trinn.

Hausten 2010 innførde staten 1,33 timar til fleksibelt bruk.

Hausten 2016 innførde staten 1,33 timar naturfag for 5.-7.trinn.

Det står da att ca. 1 time pr. gruppe ut over timetalet satt av staten

1.2 Skulerute

(Opplæringslova § 2-2)

Tonstad skule følgjer skuleruta for Vest-Agder, Sinnes skule følgjer skuleruta for Rogaland. (PS 15/47). Dersom desse skal avvikast, søker ein rådmann om dette.

1.3 Reduksjon av talet på skuledagar

Er det tale om å ha fleire skuletimar på ein skuledag enn det timetalet som er lagt ut på timeplanen, kan rektor i samråd med SU gje elevane fri tilsvarande.

1.4 Inndeling av skuledagen

(Opplæringslova §2-2, Forskrift til Opplæringslova § 1-4 – § 1-6)

Rådmannen fastsett når skuledagen startar og sluttar.

Rådmannen tek stilling til ordningar som endrar lengda på undervisningstimar/samla undervisningstid.

1.5 Innhaldet i opplæringa

(Opplæringslova §2-3)

Undervisningstimane nemnd i punkt 1.1 vert nytta til styrking av basisfaga (norsk, matematikk, engelsk). Rektor gjer vurdering av kva for fag som skal få styrking.

1.6 Målform

(Opplæringslova § 2.5)

Nynorsk er opplæringsmål i grunnskulane i Sirdal.

1.7 Ordensreglar og bortvising av elevar

(Opplæringslova §2.9 og 2.10)

1.7.1 Grunnskulane i Sirdal har ei felles forskrift om ordensreglement

Forskrift om ordensreglement er vedtatt av utval for oppvekst og levekår 06.05.2015.

Kvar skule kan ha tilleggsreglar (§12 i forskrift om ordensreglement) som tar i vare særlege, lokale forhold. Rektor fastset tilleggsreglar etter drøfting i skulen sine råd og organ. Reglane blir skrivne inn i forskrift om ordensreglement av den einskilde skulen. Tilleggsreglane må innehalda konsekvensar/tiltak ved brot på reglane.

1.7.3 Drøfting av ordensreglar

Ordensreglane blir drøfta i skulen sine rådsorgan kvart andre år etter start på nytt skuleår.

1.8 Nærskuler og fritt skuleval

(Opplæringslova § 8.1)

Lova seier at «*Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.*». Siste leddet i same lovparagraf lyder : «*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*»

Sirdal kommune har innført fritt skuleval (KS 20/6). Elevane har etter lova rett til å gå på sin nærskule, og kommunen har definert kva for område som høyrer til dei to skulane.

Med utgangspunkt i dette, gjeld følgjande for Sirdal kommune:

1.8.1 Nærskule

Det er to grunnskular i Sirdal kommune: Sinnes skule og Tonstad skule

Områda nord for Lindeland gard høyrer til Sinnes skule.

Områda sør for Lindeland gard høyrer til Tonstad skule.

Elevar blir tildelt skuleplass på sin nærskule.

Sirdal kommune har vedteke at det er fritt skuleval i grunnskulen. Føresette til elevar som ønskjer at barna deira skal gå på ein annan skule en nærskulen må søkja om dette til kommunen innan 1.mai for påfølgande skuleår.

Andre politiske vedtak kan i periodar begrensa valfridomen.

Skjema for søknad om skulebytte ligg på Sirdal kommune si heimeside.

1.8.2 Val av annen skule i skuleåret

Barna blir tildelt plass på den skulen som dei ut frå sin bustad soknar til.

I særlege tilfelle kan ein søke om å bytte til ein annan skule i skuleåret. Søknaden rettast til rådmann v/einingsleiar skule. Rådmannen/einingsleiar skule rådfører seg med rektorane og avgjer om eleven kan bytte skule.

1.9 Opplæring utanfor skulen

(Opplæringslova § 2.2)

1.9.1 Leirskule

Grunnskuleelevane i Sirdal får eit leirskuletilbod i løpet av skulegangen. Opphald og reise er kostnadsfritt. Tilbodet blir gitt det året dei går i 7. klasse.

1.9.2. Turar med overnatting og skuleturar

Det er alltid med to vaksne, om mogleg ein av kvart kjønn.

Føresetnader for skuleturar (HUV-sak 47/01):

- a) Skuleturen må vere ein naturleg lekk i klassen sin årsplan, og det må vere ein klar pedagogisk målsetjing for turen og for klassen sin eigeninnsats
- b) Turen skal i hovudsak vere dekt av inntente middel
- c) Foreldra i lag med elevane er ansvarlege for inntening/innsamling av middel
- d) Inntening /innsamling må organiserast slik at ein ikkje kjem i strid med §2 15 i Opplæringslova
Bidrag må vere friviljuge, og det må ikkje utøvast press i høve til å bidra. Ein kan difor ikkje krevje at den einskilde føresette eller elev bidreg for å dekkje utgifter til turar som er ein del av grunnskuleopplæringa.

1.10 Elevpermisjon frå undervising

(Opplæringslova § 2.11)

Når det er forsvarleg kan kommunen etter søknad *på fastsett skjema* gi den einskilde eleven permisjon i inntil to veker.

Heimelen til å gi permisjon er slik:

Klassestyrar: Inntil 1 veke.

Rektor: Inntil 2 veker.

1.11 Lærebøker

(Opplæringslova § 11.1: SU har rett til å utale seg om alle saker som gjeld skulen)

Rektor vel i samarbeid med sakkunnige lærarar ut læreverk.

1.12 Redusert foreldrebetaling i SFO

(Forskrift til opplæringsloven §1B-1)

Det er fastsett to moderasjonsordningar i SFO:

- a. Ei inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for hushald med elevar på 1.-4. trinn. SFO skal ikkje kosta meir enn seks prosent av husstanden si totale inntekt. Føresette må søkja kommunen om redusert foreldrebetaling.
- b. Gratis SFO for elever med særskilt behov på 5.-7.trinn

August 2021:

Ordninga er beskrive under pkt 1.12.a gjeld òg for 3. og 4.trinn. Forskrift til opplæringsloven er endra.

I framtida vil kommunale forskrifter bli endra i tråd med føringer gitt fra statleg hald.

Kapittel 2: Skulebibliotek og skulegudsteneste

(Opplæringslova § 9.2, Forskrift §21.1)

2.1 Skulebibliotek

Skulebiblioteka i grunnskulen samarbeider med skulebiblioteket på vidaregåande og folkebiblioteket om

- Forfatterbesøk
- Kompetanseheving av skulebibliotekarane
- Erfaringsutveksling
- Innkjøp og sirkulering av felles materiell

2.2 Skulegudsteneste

(Rundskriv F15-07)

Den einskilde skule kan arrangere skulegudstenester som ein del av sin generelle kultur- og tradisjonsformidling. Skulegudstenesta kan ikkje være ein del av KRLE-faget.

Skulegudstenester bør ikkje arrangerast som semesteravslutning.

Det må gjevast informasjon om arrangementet i så god tid at foreldre eller elevar som ønskjer det, innan rimelig frist kan melde fritak.

For dei som melder fritak, må skulen gi tilbod om likeverdige alternative tilbod.

Foreldra må gi skriftleg melding om fritak til skulen.

Elevar over 15 år kan sjølv gi skriftleg melding.

Skulen informerer om ordningane ved starten av kvart skuleår.

Kapittel 3: Elevtryggleik

(Opplæringslova §9a, Forskrift til opplæringslova § 12-1. Forskrift om miljøretta helsevern § 6 om kommunen si tilsynsplikt, Forskrift om arbeid av barn og ungdom, og Internkontrollforskrifta) **Miljøretta helsevern i grunnskulen**

3.1.1: Krav om rutinar

Verksemda skal ha rutinar i samband med symjeopplæring ute og inne, trafikk og andre aktivitetar der det er behov for å tenkje tryggleik.

3.1.2: Godkjenning og tilsynsmyndigheit

Tilsyns- og godkjenningsansvar er delegert til kommunelege 1.

3.2 Symjeopplæring

Rektor gjer vedtak når det er naudsynt med forsterka tiltak. (jf. forskrift til opplæringslova §12-1b)

Læreplanen i Kroppsøving slår fast kav som er norma for symjedugleik.

Etter 4.årstrinn: «vere svømmedyktig ved å falle uti på djupt vatn, symje 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg); så symje 100 meter på rygg og ta seg opp på land.»

3.3 Praksisarbeid for grunnskuleelevar i samband med faget utdanningsval

Rådgjevar syt for at arbeidsgivar blir informert om gjeldande lovverk (" Forskrift om arbeid av barn og ungdom").

3.4 Praksisarbeid i samband med einskildvedtak om spesialopplæring utan timevedtak.

Arbeidet skal følgje reglane for IOP (Individuell opplæringsplan).

Rådgjevar syt for at arbeidsgivar blir informert om gjeldande lovverk (" Forskrift om arbeid av barn og ungdom").

3.5 Elevtilsyn i friminutta

Rektor skal ha ein tilsynsplan som syter for at det er lærartilsyn med elevane heile tida.

Kapittel 4: Skuleskyss

(Opplæringslova § 7.1)

4.1 KOMMUNALT SKYSSREGLEMENT FOR SIRDAL KOMMUNE

1. Rett til skuleskyss vert regulert av opplæringslova § 7-1. Utover lovens bestemmingar gjelder også fylkeskommunale og kommunale skysreglement. Kommunens

reglement for skuleskyss er ei kommunal føresegn. Føresegna konkretiserer og gir retningslinjer som ligg til grunn for å innvilga eller avslå skuleskyss.

2. Ifølge lova har elevar i 2.-10. klasse som bor meir enn 4 kilometer frå skolen, rett til gratis skyss. For elever i 1. klasse er skyssgrensa 2 kilometer.
3. I tillegg til dette blir elevar i 2.-10. klasse med under 4 km og 1. klasseelevar med under 2 km reiseavstand omfatta av loven si bestemmingar om rett til skuleskyss når dei må følgje ein vegstrekning som vert definert som særleg farlig eller vanskelig skuleveg.

I Sirdal kommune faller flg. vegstrekningar inn under kategorien særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

- * Josdal – Tonstad skule (svært smal, uoversiktlig, bratt, mørk)
- * Tjomlid – Tonstad skule (riksveg, uoversiktlig, høg fart, smal)

4. Dette gjelder når eleven må følgje vegen i ein "rimelig lang og farlig strekning", ikkje berre kryssing av vegen.
5. Akseptabel gangavstand til oppsett bussforbindelse er i følgje fylkeskommunens reglement ca. 1 km for 1. og 2. klasse og ca. 2 km for elever i 3. - 10. klasse, men her skal kommunen foreta ei skjønnsmessig vurdering av elevens modning og korleis standarden på vegen er.
6. Føresette kan søke om fri skuleskyss om dei meiner at vegen er trafikkfarleg.
7. Når søknad føreligg vil rektor i samarbeid med representant frå kommunen sin trafikksakkunnige og FAU ta ein synfaring og avgjere om vegen kan sjåast på som særleg vanskeleg eller trafikkfarleg.
Rektor tek den endelige avgjersla.
8. Der det skjer utbetringar m.o.t. sikring av strekningane med for eksempel sykkel- og gangsti, vil klassifisering som trafikkfarlig skuleveg automatisk falle bort.
9. Elevar som er innvilga skuleskyss p.g.a. avstanden til skulen, farlig/vanskelig skuleveg eller av andre årsaker, får utdelt busskort. Eleven kan da nytte oppsette skyssruter, og skuleeigar v/ rektor betalar skyssen.
10. Foreldre til elever som har rett på gratis skuleskyss, men som ikkje kan nytte oppsett skulerute, eller som har lengre gangavstand til busshaldeplass enn hhv. 1 og 2 km, kan etter avtale med skulen kjøre barna sjølv og ta imot skysstilskot tilsvarande busstaksten. Rektor kontrollerer at foreldra har utført transporten, og utbetalar godtgjersla.
11. Fylkesmannen i Vest Agder er endelig klageinstans for klager på kommunale skyssvedtak.
12. Dette skyssreglementet for Sirdal kommune gjerast gjeldande frå skulestart hausten 2008. Revidert 2017.

Kapittel 5: Reglar for tilsette

(Opplæringslova § 2-3 , Forskrift til opplæringslova § 1.1 -1.3, Arbeidsmiljølova)

5.1 Arbeidsbeskriving for tilsette i grunnskulen

Det ligg føre arbeidsbeskriving for

Rektor

Lærer

Kontaktlærer

Det skal føreligge arbeidsbeskriving for alle stillingar/funksjoner i grunnskulen.

Rektor har ansvar for dette.

Arbeidsbeskrivinga skal rullerast kvart tredje år.

Kapittel 6: Supplerande lokale avtalar

6.1 Lokale arbeidstidsavtaler

Rektorane utarbeider lokale arbeidstidsavtaler i samarbeid med plasstillitsvald.

Dersom partane ikkje blir samde, kan kvar av partane bringe tvisten inn for sentrale bistandsforhandlingar som slår fast endeleg løysing (Jamfør SFS 2213, pkt. 4a).

6.2 Lokale lønnstillegg

Ein visar til lønnspolitiske retningslinjer for Sirdal kommune.